

Ditt liv, ditt val!

Innleiing

Liberalistane Bømlo meiner at oppgåva til lokalpolitikarar skal vera å passa på at bømlingar ikkje vert plaga av regulering og byråkrati. Politikarar skal ikkje styra folk, men vera folket sine hjelparar.

I Bømlo må alle som eig ein bustad betala eigedomsskatt. Som om det ikkje er nok, har kommunen tatt opp store lån, som må betalast tilbake av bømlingane på eit eller anna tidspunkt. Dette er teikn på ein kommune i økonomisk krise. Skal ein gjera noko med dette må ein spara, og seia nei til populære tiltak. Liberalistane Bømlo vil ta konsekvensen av dette og vera den som alltid stiller det viktige spørsmålet: Er dette noko kommunen **MÅ** bruka pengar på?

Me meiner at kommunen og andre instansar ikkje har noko med å blanda seg opp i korleis folk nyttar privat eigedom. Me vil difor alltid støtta bømlingane som ønsker å byggja på, eller på anna vis utnytta, sin eigedom.

Leiar, Arild Hystad.

Nestleiar, Ørjan Grønås.

Eigedomsrett

Eigedomsretten er viktig for at kvar enkelt skal kunna leva eit fritt og godt liv. Den er òg viktig for å skapa arbeidsplassar. Liberalistane respekterer eigedomsretten og skal jobba for at kommunen òg skal respektera den. Liberalistane vil gå imot alle innskrenkingar i bruk av privat eigedom og alle forsøk på å overta eigedom med tvangsmiddel.

Det skal setjast ein kortast mogeleg frist for svar på byggje- og reguleringssøknadar. Dersom ikkje svar er gitt innan fristen, skal søknaden reknast som innvilga.

Kommunen skal i utgangspunktet gi positivt svar på alle søknadar om byggjing på eller omregulering av eigen eigedom. Dette inkluderer dispensasjonssøknadar. Unntaket er når slikt positivt svar er tydeleg i strid med lovverket.

Vert eit slikt svar omgjort på høgare nivå, som t.d. i fylkeskommunen eller hos fylkesmannen, skal kommunen støtta grunneigaren med alle lovlege midlar i kampen mot dei høgare myndigheitene.

Bømlo kommune skal ikkje i noko høve foreta ekspropriasjon av privat eigedom, eller truga med dette i ein forhandlingssituasjon. Dette gjeld sjølv om ein meiner ekspropriasjon er til det beste for samfunnet.

Me meiner at det ikkje skal vera nødvendig å måtte søkja om lov til å overnatta eller la gjester overnatta, i sitt eige naust. Folk er vaksne nok til å avgjera sjølv om det er forsvarleg.

Vil ein nytta sine bygg på anna vis enn reguleringsplanar og andre reglar spesifiserer, skal kommunen alltid tillata det, så lenge det ikkje er i direkte strid med loven. Dette gjeld t.d. om ein nausteigar vil ha løyve til overnatting i naustet, eller om ein hytteeigar vil nytta hytta som primærbolig.

Kommuneøkonomi og skatt

Alle skattar er umoralske, og kan reknast som tjuveri. Likevel innser Liberalistane at skatt er eit nødvendig onde for å finansiera grunnleggjande offentlege tenester. Nivået på skattar skal vera så lågt som absolutt mogeleg.

Eigedomsskatt er ein ekstra øydeleggjande skatt, då den vert betalt uavhengig av inntekt og forbruk, og framstår som ei husleige til kommunen. Liberalistane vil gi reduksjon og avskaffing av eigedomsskatt høg prioritet.

Kommunale lån kan kallast utsatt skatt. Når ein kommune tar opp lån, pålegg den samtidig alle noverande og framtidige innbyggjarar å betala ned lånet via ekstra skatt. Dette er umoralsk! Liberalistane vil prioritera nedbetaling av alle kommunale lån, og vil motsetja seg alle forsøk på å ta opp nye lån.

For å klara dette, må ein kutta i kommunale utgifter. Det inneber at ein må gå gjennom detaljane i alle budsjettpostar og kutta ut alt som ikkje er absolutt nødvendig.

Så lenge kommunen har eigedomsskatt og kommunale lån skal den ikkje foreta investeringar som ikkje er absolutt nødvendige. Det inneber at i staden for å byggja nye skular, brannstasjonar og andre offentlege bygg, skal ein finna ut korleis ein kan driva vidare med eksisterande byggmasse.

Viser det seg likevel at ein må byggja nytt, skal det byggjast på billegast mogeleg vis. D.v.s. ein skal ikkje byggja signalbygg eller inkludera funksjonar som ikkje er absolutt nødvendige i bygga.

Me vil stemma:

- Nei til byggjing av ny brannstasjon
- Nei til kommunal støtte til ny storhall
- Nei til bruk av skattepengar på kultur, idrett og fritidsaktivitetar
- For at individa sjølve skal avgjera kva for aktivitetar dei skal betala for
- Generelt nei til å erstatta allereie eksisterande bygg med nybygg
- Generelt imot å belasta bømblingane med unødvendige kostnader

Veg og bompengar

Bilistar betalar enorme summer i avgifter både for å eiga og bruka bilen. Det er naturleg å sjå på det som betaling for bygging og vedlikehald av vegar. Problemet er at ein betalar fleire gongar meir enn det som vert brukt på vegar. Når ein då, i tillegg, vert pålagt bompengar for å køyra på mange av vegane vert det for mykje.

At lokalpolitikarar i Bømlo og andre stadar tyr til ei naudløysing, bompengar er, kan vera forståeleg då det ser ut som at dette er einaste måten å få betre vegstandard i kommunen.

Dette er derimot ikkje korrekt. Dei fleste vegane som vert omfatta av Bømlopakken er fylkesvegar, og dermed fylket sitt ansvar.

Ved å innføra bompengeprojekt for å finansiera fylkesvegar fritar ein ikkje berre fylket frå sitt ansvar. Ein pålegg enkelte bilistar ei stor ekstra utgift som kan gjera det dyrt å koma seg på jobb eller fritidsaktivitetar, og generelt reduserer fridomen. Dei med trongast økonomi merkar dette mest.

Den opphavelige Bømlopakken kan ikkje stoppast, men Bømlopakke II kan ein muligens fortsatt unngå, og det vil Liberalistane kjempa for.

Me vil stemma:

- For å avslutta bompengerekkjevinga så snart som mogeleg, utan å bryta inngåtte avtalar
- For å stilla krav til fylket og staten om at dei skal ta sitt ansvar for vegbygging og vedlikehald

Næringsliv

Liberalistane stiller seg positiv til gardsutsal, kiosksal og andre former for handelsverksemd utanfor butikkjeder og samvirkeorganisasjonar. Kommunen skal ikkje leggja hindringar i vegen for slik aktivitet, og skal svara positivt på alle søknadar i den forbindelse.

Kommunen skal praktisera så liberale reglar som mogeleg innanfor lovverket når det gjeld åpningstider. Søknadar om løyve til servering eller omsetjing av alkohol skal alltid resultera i positivt svar.

Me vil stemma:

- For å fjerna alle hindringar for lokal omsetning av alle lovlege varer, inkludert matvarer
- For alle søknadar om skjenkeløyve
- Nei til lokale avgrensingar i opningstider

Kommunesamanslåing

Liberalistane har lite tru på at kommunesamanslåingar reduserer kostnadar eller gir andre fordelar. Det viser seg ofte at samanslåtte kommunar endar opp med like mange eller enda fleire tilsette som dei opphavslege kommunane til saman. Dette fører til dyrare byråkrati og dermed meir kostnadar for skattebetalarane.

Avstanden mellom dei som styrer og dei som vert styrt bør vera minst mogeleg, slik at dei som vert styrte har større mulighet til påverknad. Kommunesamanslåingar aukar denne avstanden.

Me vil stemma:

- Mot at Bømlo kommune skal slåast saman med andre kommunar

Skule

Fritt skuleval er grunnleggjande for å leggja til rette for godt og variert skuletilbod.

Me vil støtte initiativ rundt private skular, friskular og god heimeundervisning. Me vil arbeida for at skulane er mest mogeleg uavhengig styrte, og kjempa imot politisk og byråkratisk overstyring av utdanning.

Konkurransen mellom skular gir betre handtering av reelle utfordringar i dagens skule og auker mogelegheita for at kvar elev får undervisning som passar dei individuelle interessene, talenta og behova.

Dagens system fører til stort tap av potensiale og resulterer ofte i asosial adferd.

Me vil stemma:

- For å la skulane i større grad styra eiga verksemd
- For å redusera antal tilsette i administrasjonen innan utdanning
- For at tilsetjing av leiarar i offentlege skular skal gjerast på åremål
- For godkjenning av private skular
- For å leggja til rette for heimeundervisning for born som ynskjer det eller treng det

Barnehage

I dag må ein søkja til kommunen om ein ynskjer barnehageplass. Ein får dermed ikkje sjølv velja kva for barnehage ein kan søkja borna sine inn i, då dette skal avgjerast av kommunen sitt organ Vigilo.

Er ein dermed ikkje nøgd med plassen og ynskjer ein annan barnehage, må ein sei opp plassen ein har fått tildelt for så å søkja på nytt. Då havnar ein óg bakerst i køen igjen.

Me i Liberalistane Bømlo meiner at Vigilo berre er ein ny ugiftspost og inngripen i privatlivet, og meiner at foreldra bør få søkje hos den barnehagen dei sjølv ynskjer, utan innblanding frå kommunen.

Me vil stemma:

- Nei til innføring av offentlege barnehagar i Bømlo kommune
- For at foreldra skal kunna søkja om plass direkte i den barnehagen dei ynskjer